



Professoren klar for konserten

**Like før orgelprofessoren Felician Rosca skulle slå ned første tangent under konserten i kyrkja ikveld var han bestemt på å kutta ut Bach fordi programmet vart for langt. Heldigvis gjorde han ikkje det og framføringa av preludium og fuge i essdur vart ei himmelsk oppleving som trollbant dei vel 30 som kom til konserten.**

**Ein time og 20 minuttar gjekk unna som berre det og den som påstår at musikk frå 1600- og 1700-talet er tungsindig og treg veit ikkje kva han snakkar om. Tvert om demonstrerte den framifrå rumeneren eit muntert og lett program som gjorde ein glad! Dette var eit høgdepunkt i musikkfestivalen til kantor Eva Megyesi.**

Dette var konsert nummer 4 av 12. Vi tek igjen av oss hatten for kantoren! Ho var flink og munter mellom musikkverka.

At Bach var med var sjølvsgagt, likeeins Albinoni. Ellers på lista fann ein Cronert, Schneidert, Braga, Pachelbel, Bruhns og Krisbanscensis og vi set ein knapp på Braga sjølv om det ikkje er lett å operera med noko som er ei rangering av slik musikk,

Ellers var det stort å verta kjend med ROSCA som er ein internasjonal kapasitet og som det var fint å få i vår kyrkje. Han har ei merittliste som sprengjer ei side og har hatt konsertar i heimlandet, Belarus, Moldova, Tyskland, Ungarn, Austerrike, Russland, Frankrike, Danmark, Storbritannia, USA, Canada, Finland, Polen, Italia, Uruguay og Argentina. Og han er både professor, forskar, forfattar og mykje anna. Å henta han til Kvinnherad og Uskedalen er ein prestasjon i seg sjølv.



- Det er jo eit fantastisk tilbod som vi må benytta oss av, sa Viggo og Norunn Agdestein, to av fleire halsnøybuar, som har vore på alle 4 konsertane på festivalen til no.(Foto: Thor I. Døssland)

Tekst, foto og nett Ola Matti Mathisen